

Telemark: Frukt og bær er god butikk

Frukt- og bærproduksjonen i fylket bruker to prosent av jordbruksarealet, men står for vel ti prosent av verdiskapinga i jordbruket.

Av ein samla bruttoproduksjon på 402 mill. kroner i 2015, kom 42 mill. kroner frå frukt og bær. Det er ein auke på 10 mill. kroner, eller vel 30 prosent, sidan 2011. Tala framgår av ein fersk NIBIO-rapport om verdiskaping i Telemarks-jordbruket.

Samtidig viser oppdaterte tal for arealbruken i Telemark at knapt 5 000 dekar av jordbruksarealet på 240 000 dekar blir brukt til frukt- og bærproduksjon. Arealressursoversikten blir presentert i NIBIOs fylkesvise *Arealbarometer* som nyleg er oppdaterte.

Eplemost med suksess

Underdirektør Marita Bruun har ansvar for nærings- og marknadsutviklinga i jordbruket ved Fylkesmannen i Telemark si landbruksavdeling. Ho fortel om målretta arbeid som no kastar av seg.

- Bøndene i fylket har truffe blink med frukt- og bærsetninga si dei siste åra, seier ho.

Bruun forklarar den positive utviklinga som resultat av godt samspel mellom eit levande og engasjert fagmiljø, kompetente rådgjevarar og tilrettelegging frå sentralt hald. I tillegg til dei gode naturgitte føresetnadene som fylket har.

Ho fortel om eplemost frå Telemark som har tatt av i marknaden:

- Kundane vil ha produktet, og bonden har fått betre kilopris enn tidlegare. Før måtte frukta sendast ut av fylket for pressing. No har dei fått lokale presser, og får dermed hand om større del av verdiskapinga sjølve, seier underdirektøren.

Epler, moreller og plommer frå Telemark er alle innvilga geografisk vern som stadeigne produkt.

Potensial for vekst

Også for andre produksjonar er arealressursar og klima veileigna i Telemark. Arealbarometeret viser meir enn dobling av areal til grønnsakproduksjon i perioden 2003 til 2016. Riktignok er dette den minste delen av jordbruksproduksjonen, men veksten har vore stor.

- Om vi ser på grønnsak-, frukt- og bærproduksjon pluss veksthusproduksjon og planteskuledrift samla, utgjorde hagebruksproduksjonen nesten 20 prosent av verdiskapinga i jordbruket vårt i 2015, fortel landbruksdirektør Helge Nymo.

Areal til grovfôr og innmarksbeite har også auka dei siste åra. Nærare 70 prosent av den dyrka jorda blir brukt til produksjon av grovfôr og innmarksbeite. Areal brukt til potet og korn har gått ned.

Landbruksdirektøren meiner fylket har eit potensial for større produksjon.

- Særleg gir grasareala i øvre del av fylket grunnlag for langt større dyrehald enn i dag. Derfor ønskjer vi å bidra til større husdyrproduksjon i desse rike grasområda, seier han.

Lengre sør i fylket har det vore ein tendens til at godt eigna kornareal blir leigde og brukte til grasproduksjon som så blir transportert oppover i fylket. Nymoen meiner dette ikkje er optimalt.

- Å stimulere til auka husdyrproduksjon i dei grasrike områda vil vere avgjerande for god utnytting av arealressursane til fylket framover, seier han.

Her ligg og eit forretningspotensial knytt til auka etterspurnad etter grasfora kjøt, noko fleire aktørar er i ferd å prøve ut.

Ifølgje landbruksdirektøren vil det i jordbruket framover berre bli viktigare og viktigare å finna fram til 'rett produksjon til rett areal' for å utnytta arealressursane best mogleg.

Meir om Arealbarometeret for Telemark

Leiar for avdeling Landbrukskart i NIBIO, Jostein Frydenlund, forklarar meir om arealressursane i fylket:

- Det aller meste av jordbruksarealet i Telemark er det som blir kalla fulldyrka jord. Slik jord er dyrka til vanleg pløyedjupn og kan brukast til åkervekster og eng. Jorda kan fornyast ved pløying.

Frydenlund har ansvaret for oppdatering og utvikling av Arealbarometra til NIBIO. Barometra blir brukte av forvaltning, næring og politikarar når dei treng overblikk over arealressursane og kva verdi dei har for samfunnet.

-Kart er ferskvare og det er viktig at dei blir oppdaterte etter kvart som endringar skjer, seier han.

- I ei tid med aukande utfordringar knytt til matproduksjon, klima og energi, vil og informasjonsbehovet for planlegging og beredskap innan desse områda vere aukande.

Arealressurskarta frå NIBIO gir informasjon om ressursgrunnlaget i alle norske fylke, og viser kva areal som kan brukast til landbruksproduksjon. Karta er tilgjengelige på web. Kommunevise Arealbarometer blir og utarbeidd.

Kontaktperson ved NIBIO

Jostein Frydenlund

Leder for avdeling Landbrukskart, divisjon Kart og statistikk ved NIBIO

Telefon: 45 28 87 14

E-post: jostein.frydenlund@nibio.no

Kontaktperson ved Fylkesmannens landbruksavdeling i Telemark

Helge Nymoen

Landbruksdirektør i Telemark

Telefon: 35 58 62 51 / 95 82 40 23

E-post: fmtehny@fylkesmannen.no

Lenker til kjelder

- [Arealbarometeret](#) er lagt ved som pdf. Figurer, tekst og bilder kan benyttes fritt.
- Fleire Arealbarometer kan du laste ned her:
<http://www.skogoglandskap.no/temaer/arealbarometer>
- Informasjon om arealressursane er henta frå Arealressurskartet AR5. Meir informasjon finn du her: www.skogoglandskap.no/temaer/arealbarometer
- Detaljerte arealressurskart kan du sjå på: kilden.nibio.no/
- Eller for den enkelte landbrukseigedom: gardskart.nibio.no/
- NIBIO-rapport, 59/2017:
[Verdiskaping fra tradisjonelt jordbruk og gårdsbasert tilleggsnæring i Telemark.](#)

Fakta om Telemark

Frå Arealbarometeret:

AREALRESSURSENE I TELEMARK FYLKE:					
Arealtype	dekar	%	Veksttype	dekar	%
Jordbruksareal:					
Fulldyrka	240 157	1,7	Innmarksbeite	24 328	10,2
Overflatedyrka	10 645	0,1	Grovfôr	136 245	57,1
Innmarksbeite	43 447	0,3	Korn	69 520	29,1
Produktiv skog	5 281 155	38,2	Potet	2 054	0,9
Bebyggelse/samferdsel	146 655	1,1	Grønnsaker	1 654	0,7
Annet markslag	5 673 840	41,0	Frukt/bær	4 810	2,0
Ikke kartlagt	2 436 461	17,6	Sum	238 611	100
Sum	13 832 360	100			

Kilde: Arealressurskart (AR5). NIBIO

Kilde: Produksjonstilskudd 2016. Landbruksdirektoratet

Frå NIBIO-rapport om verdiskaping:

- Samla verdiskaping målt som bruttoproduksjon i jordbruket var 402 mill. kroner i 2015
 - 65 prosent kjem frå husdyrhald
 - 35 prosent kjem frå planteproduksjon
- Nær ti prosent av befolkninga i fylket bur på ein landbrukseigedom
 - Talet var 16 512 personar i 2015
- Sysselsettinga i jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringar utgjør rundt 1 500 årsverk
 - Av desse var 963 knytt til jordbruk i 2015